

Hordaland Sau og geit.



Referat frå telefonstyremøte tysdag.04.01.2011.Kl.20.00 til kl.21.45

Desse deltok : Nils Inge Hitland,Egil Øvstebø,Svein Misje,Reidar Kallestad og Steinar Steine.Forfall Anders Konglevoll.

Sak 1/11.Godkjenning av innkalling ,referat frå sist møte og sakliste.Merknad:Nokre skrivefeil og utfyllande opplysningar frå sist referat, dette vert retta opp og nytt referat vert sendt ut, elles ingen merknad.

Sak 2 /11 Årsmøte i HSG .

Jostein Ljones frå Hordaland Bondelag vil halde eit fagleg innlegg.Vidare vert Rogaland og Sogn og Fjordane sau og geit invitert til årsmøte. Ove Holmås frå NSG,Fylkesmannen si landbruksavdeling , faglaga Hordaland Bondelag og Hordaland bonde og småbrukarlag,vidare vil avlsutval,beiteutval og gjetarhundnemnda verta og inviterte.

På årsmøte vil leiaren Nils Inge Hitland presentera det nye prosjektet : Auka sauehald i Hordaland.Ein vil få ordføraren i Os kommune til å opne møte.Det byrjar fred.25 febr.kl.18.00 og kl.09.00 laurdag 26.febr.

Sak 3/11 Årsmelding for 2010.

Årsmeldinga for året 2010 vert lagt ut på ei eige fil på heimesida til HSG og det vert ikkje laga papirutgåve.Det var delte meiningar om dette i styret !

Sak.4/11 Landsmøte i NSG 16 og 17 mars 2011 på Os. Fylkesmann Lars Sponheim skal opne dette møte, elles arbeider ein med å få nokon til å halde eit kulturelt innslag både ved opninga og under årsmøtemiddagen.

Sak 5/11 Ymse. Svein Misje prøver å få til å møte på møte med Bondelaget der saker føre jordbruksstingingane vert diskutert. Styret vil uttale att ein må få produksjonen av Villsau tilpassa behov/ forbruk. Auke i tilskot pr. vinterfora sau og auke i tilskot på utmarksbeite. Ein vil og påpeike viktigheita av investeringstilskot til mindre sauebruk i Hordaland. Vidare er det ynskje om att tilskot til grøfting vert auka.

Vedkomande Geitehaldet vil ein samordne det med Sogn og Fjordane sau og geit sin uttale.

Sak6/11 Styremøte.

Neste styremøte vert halde på Nortura i Eidsvåg fred.28.jan.kl.09.00.

Referent Knut Sygnesteveit.